

Ein digital kvardag

Strategi for digital samfunnsutvikling
i Sogndal kommune



Digitalisering som samfunnsutvikling

Digitalisering handlar om mykje meir enn digital teknologi og IKT. Det handlar om korleis me involverer innbyggjarane i den digitale utviklinga, korleis me jobbar saman og korleis me skapar gode stadar å leva. Det handlar om endring og fornying av tenester, prosessar og arbeidsmåtar på tvers av sektorar.

Digitalisering kan bidra til positiv samfunnsutvikling i Sogndal kommune. Me kan senka terskelen for å delta i samfunnet, gjera kultur og natur meir tilgjengeleg, styra eigarskap til nærmiljøet og skapa nye former for dialog mellom innbyggjarane og kommunen som gjer det engasjerande å delta i demokratiske prosessar.



Sammendrag

Digitaliseringsstrategien til Sogndal kommune er ein innbyggjarretta strategi. Føremålet med strategien er å tydeleggjera retninga for digitaliseringa i Sogndal kommune, og å setja innbyggjarane sine behov i sentrum for utviklinga av vårt digitale tenestetilbod. Strategien tek utgangspunkt i regjeringa sine overordna føringar og Sogndal kommune sin politiske plattform. Den er strukturert i tre delar.

Første del beskriv korleis situasjonen er i dag i Sogndal kommune, roller internt i kommunen, samt nasjonale og lokale mål.

Andre del inneheld tre førande prinsipp og satsingsområde for innbyggjarretta digitalisering i Sogndal kommune, samt konkrete moglegheiter på kort og lang sikt.


Tredje del skal gjera det enklare for tilsette i Sogndal kommune å nytta strategien i arbeidskvardagen. Den inneheld strategiske spørsmål, verktøy og metodar for å setja innbyggjarane sine behov i sentrum for arbeidet med digitalisering.

Korleis skal me nytta strategien?

Utvikling av digitale løysingar handlar om meir enn effektivitet, forenkling og teknologi for teknologien si skuld. Det handlar om korleis den digitale teknologien påverkar kvardagslivet til innbyggjarane i Sogndal kommune. Difor er dette ein innbyggjarretta digitaliseringsstrategi, der innbyggjarane sine behov står sentralt.

Strategien er eit overordna retningsgivande styringsdokument som gjeld for alle tenesteområde i Sogndal kommune.

Innanfor kvar tenesteområde skal det setjast av tid til å diskutera korleis prinsippa og satsingsområda påverkar tenesteutviklinga framover.



①

Bakgrunn, ansvar og mål

- 7 Kva er digitalisering og kvifor skal me digitalisera?
- 8 Kvifor skal me involvere innbyggjarane?
- 9 Innbyggjaromgrepet
- 10 Sogndal kommune i dag
- 11 Kven har ansvaret?
- 12 Nasjonale mål
- 13 Lokale mål

②

Prinsipp og moglegheiter

- 15 Introduksjon
- 16 Prinsipp 1 og satsingsområde
- 18 Prinsipp 2 og satsingsområde
- 20 Prinsipp 3 og satsingsområde
- 22 Hugseliste for leiarar og tilsette
- 23 Moglegheiter på lang og kort sikt
- 26 Veggen vidare

③

Metodar og verktøy

- 28 Introduksjon
- 29 Strategiske spørsmål
- 32 Introduksjon til metodar
- 33 Metodar for å kome i gang
- 34 Metodar for kartlegging
- 35 Døme på digitale tenester for Sogndal kommune
- 42 Ressursar

①

Bakgrunn, ansvar og mål

Denne delen av strategien beskriver bakgrunnen og prosessen som har leia fram til Sogndal kommune sin digitaliseringsstrategi. Den tek føre seg ulike omgrep, ansvarsområde og overordna mål. Dette dannar grunnlaget for den andre delen av strategien.

Kva er digitalisering og kvifor skal me digitalisera?

Det er ikkje alltid så enkelt å forstå kva “digitalisering” egentleg tyder. Det er mange ulike omgrep som vert nytta om kvarandre: digitalisering, digital transformasjon, digital omstilling, digital innovasjon o.l. I all hovudsak handlar det om å nytta moglegheitene som finst i digital teknologi for å levera tenester på nye måtar i kommunen.

Me skal ikkje digitalisera berre for å digitalisera. Me skal nytta moglegheitene i digital teknologi for å skapa ein betre kvardag for innbyggjarane våre. I framtida skal innbyggjarane sleppa å undra på kva eining dei skal retta seg til eller kva tenester dei har krav på i ulike fasar av livet. Me skal vera der når innbyggjarane treng oss.



Kvifor skal me involvere innbyggjarane?

Innbyggjarane er ekspertar på korleis digitale løysingar vert opplevd. Dei veit kva som fungerer bra og kva som fungerer dårleg. For at me skal laga best mogleg digitale tenester er det difor særst viktig at me tenker på innbyggjarane sine ynskjer og behov når me utviklar digitale tenester for framtida.


Samfunnsmessige utfordringar som demografi, klima og inkludering gjer at me må tenka nytt om etablerte løysingar. Dersom Sogndal kommune skal møte morgondagens utfordringar, må me utnytte moglegheitene som ligg i digital teknologi kombinert med ei større merksemd på innbyggjarane sine behov og opplevingar.



Innbyggjaromgrepet

Mindre økonomisk handlingsrom og auka forventingar frå innbyggjarane krev at Sogndal kommune arbeidar på nye måtar. Det inneber at tilsette, leiarar, politikarar, frivilligheit, næringsliv og innbyggjarar arbeidar saman for å løysa morgondagens utfordringar. Dette perspektivet vert ofte omtala som kommune 3.0.

Sogndal kommune ser innbyggjarane som ein ressurs, deltakar og potensiell bidragsytar. Difor nyttar me omgrepet innbyggjar og ikkje brukar. Brukar indikerer ein einvegs kommunikasjon der kommunen leverer og innbyggjarane mottek. Ved å leggja til rette for tettare dialog og samarbeid styrkar me tillit og forståing mellom kommunen og innbyggjarane.



Sogndal kommune i dag

Sogndal kommune er ein mellomstor kommune i norsk samanheng, med mange av dei same behova som dei fleste andre kommunar i landet. På nokre område, som utdanning, ligg me langt framme, medan på andre område er det behov for eit større digitalt løft.

I strategiprosessen har me snakka med innbyggjarar og tilsette om deira behov i ein digital kvardag. Me har også intervjuet representantar for eldreråd, ungdomsråd, invandrarråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Parallelt med dette har det også vorte gjennomført ein innspelsmånad i samband med utviklinga av ny samfunnsdel. Denne innsikta er samla i desse fire sentrale behova i morgondagens digitale Sogndal.

[Klikke her for å lesa meir om behovskartlegginga.](#)



Meir involvering av
innbyggjarane



Opplæring og
oppfølging



Samarbeid og
tverrfaglegheit




Forenkling og
visualisering

Kven har ansvaret?

Digitalisering på tvers av sektorar. Difor omfattar denne strategien heile kommunen sitt ansvar, oppgåver og einingar. Målgruppa er alle tilsette, innbyggjarar og brukarar av kommunen sine tenester. Digitalisering er ein evig prosess. Difor er det naudsynt med ei kontinuerleg vidareutvikling på tvers av sektorar og fagområde. Skal me få til dette må me gjera det saman.

I dag er det eit stort skilje mellom drifta av digitale tenester og dei faktiske tenestene som innbyggjarane mottek i kvardagen. Sogndal kommune har store ambisjonar om å vera leiande i landet på digitalisering. For å oppnå denne ambisjonen må ein robust digital grunnmur utviklast i samarbeid med ein sær kompetent og tett integrert partner for IKT-drift. Ein sikker og trygg digital grunnmur dannar grunnlaget for gode digitale innbyggjartenester.



Nasjonale mål

Digitalisering av offentlig sektor skal gje ein enklare kvardag for innbyggjarane. Dei overordna nasjonale hovudprioriteringane for digitalisering er definert i stortingsmeldinga Digital agenda for Norge. Dette dannar også grunnlag for regjeringa sin digitaliseringsstrategi Ën digital offentlig sektor og KS sin Digitaliseringsstrategi for kommuner og fylkeskommuner.

Føringane som er beskrive på høgre side dannar grunnlaget for prinsippa for digitalisering i Sogndal kommune.

1

Brukaren i sentrum

2

IKT er ein vesentleg innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet

3

Styrka digital kompetanse og deltaking

4

Effektiv digitalisering av offentlig sektor

5

Godt personvern og god informasjonssikkerheit

Lokale mål

Denne strategien baserer seg på Sogndal kommune sine strategiske satsingsområde, vedteke i den politiske plattform. Dette er gjennomgåande strategiar og prinsipp for korleis kommunen skal jobba for å nå alle mål. Digitaliseringsstrategien skal sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Prinsippa for Sogndal si IKT-satsing ligg også til grunn for denne strategien, der hovudmålet er at Sogndal kommune skal vera ein heildigital kommune, der innbyggjarane, tilsette og næringsliv har eit reelt digitalt førsteval uavhengig av plattform.

1. Kommunen skal sikre inkludering og aktiv samskaping med andre aktørar.

2. Kommunen skal setje innbyggjaren eller brukaren i sentrum.

3. Kommunen skal ha ein sunn økonomi som gjev grunnlag for å satse på utvikling.

4. Kommunen skal utvikle og ta i bruk gode brukarvenlege digitale løysingar.

5. Kommunen vil prioritere og styrke det førebyggjande arbeidet

6. Kommunen skal satse på kompetanse, omstilling og innovasjon

7. Kommunen skal prioritere miljø- og klimavenlege løysingar.

②

Prinsipp og moglegheiter

Denne delen av strategien inneheld føringar for digitalisering i Sogndal kommune. Føringane vert presentert som overordna prinsipp og satsingsområde som beskriv korleis arbeidet med digitalisering skal gjennomførast på tvers av sektorane. Til sist vert det presentert eit utval av moglegheiter for digital utvikling på kort og lang sikt.

Prinsipp for digitalisering i Sogndal kommune

Me har utforma tre overordna prinsipp som skal vera førande i arbeidet med digitalisering. Innanfor kvart prinsipp er det definert fire satsingsområde som skal prioriterast på tvers av sektorar. Dei skal bidra til å ta gode avgjersler ved utvikling av nye og eksisterande digitale løysingar, slik at me svarar til reelle behov hjå innbyggjarane og internt i kommunen.

1 Sogndal kommune skal skapast saman med innbyggjarane

2 Sogndal kommune samarbeider på tvers og delar erfaringar

3 Sogndal kommune er ein trygg og effektiv digital kommune

Sogndal kommune skal skapast saman med innbyggjarane


Innbyggjarane er ekspertar på korleis kommunen sine tenester vert opplevd, og kva som er verdifullt i deira kvardag. I dag opplever mange innbyggjarar ein avstand til kommunen og tenestene dei tilbyr. Difor skal innbyggjarane setjast i sentrum for digitalisering i Sogndal kommune og me skal aktivt jobba for å inkludera alle innbyggjarane i den digitale utviklinga.

Nasjonale mål

- ① Brukaren i sentrum
- ③ Kompetanse og deltaking

Lokale mål

- ① Aktiv samskaping
- ② Innbyggjare i sentrum
- ④ Brukarvenlegheit



Sogndal kommune skal skapast saman med innbyggjarane



Innbyggjarinvolvering

Me skal vera opne og invitera innbyggjarane til å delta i kommunale prosessar, uavhengig av sektor, for å sikra at tenestene svarar til reelle behov.



Kommunikasjon

Me skal nytta eit enkelt språk og visuelle verkemiddel for å kommunisera med innbyggjarane, for å auka engasjement og deltaking.



Digitalt kunnskapsløft

Me skal leggja til rette for opplæring og oppfølging av den digitale kompetansen hjå innbyggjarane, slik at alle kan ta del i den digitale utviklinga.



Mangfald

Me skal aktivt arbeida med å inkludera alle innbyggjarar og sørnja for at dei digitale flatene er utforma med utgangspunkt i dei ulike behova til innbyggjarane.

Sogndal kommune samarbeider på tvers og delar erfaringar

Skal me skapa samanhengande digitale tenester for innbyggjarane i Sogndal kommune er det naudsynt med meir samarbeid på tvers av sektorar, næringslivet, frivilligheit og innbyggjarar. Digitale verktøy og tenester gjer at me kan samarbeida på nye og enklare måtar.

Me må utfordra etablerte samarbeidsmåtar, samskapa på tvers av sektorar og etablera fleire opne prosessar som inviterer til innspel og deltaking. På den måten kan me bidra til å styrka forståinga for digitalisering i Sogndal kommune.

Nasjonale mål

- ② IKT-innovasjon
- ③ Kompetanse og deltaking
- ④ Effektiv digitalisering

Lokale mål

- ① Aktiv samskaping
- ④ Brukarvenlegheit
- ⑥ Omstilling og innovasjon




Sogndal kommune samarbeider på tvers og delar erfaringar



Nye arbeidsmåtar

Me skal utfordra etablerte arbeidsmåtar. Kommunen skal leggja til rette for meir tverrfagleg jobbing og nytta digitale verktøy som stettar dette.



Samskaping

I Sogndal kommune har me ei lang historie med samskaping. I arbeidet med digitalisering skal dette vidareførast gjennom eit aktivt samarbeid med lokalt næringsliv, frivillige og innbyggjarar.



Testing og eksperimentering

Me skal gje rom for testing og eksperimentering i prosessar og prosjektstyring. Me må skapa ein kultur med nysgjerrigheit og openheit for nye idear, og mot til å læra av feil og suksessar.



Tenestededesign

For å utvikla tenester som svarar til innbyggjarane sine reelle behov skal me auka kompetansen på tenestededesign.

Sogndal kommune er ein trygg og effektiv digital kommune

Sogndal kommune skal sikra at digitalseringa skjer på ein open, inkluderande og tillitsskapande måte. Innbyggjarar, næringsliv og frivillige organisasjonar skal ha tillit til at Sogndal kommune leverer gode digitale tenester som tek i vare krav til rettssikkerheit, effektivitet, informasjonssikkerheit og personvern.

Nasjonale mål

- ② IKT-innovasjon
- ⑤ Sikkerheit og personvern

Lokale mål

- ③ Sunn økonomi
- ④ Brukarvenlegheit



Sogndal kommune er ein trygg og effektiv digital kommune



Personvern

Me skal følgja nasjonale krav til handtering av data og sørgja for at sensitiv informasjon ikkje kjem på avvege. Det skal gjennomførast interne kontrollprosessar både ved oppstart og under drift av tenester.



Innføring og opplæring

Me skal leggja til rette for grundig innføring av nye digitale system internt, slik at tilsette er trygge på dei digitale systema dei skal nytta.



Brukarvenlegheit

Digitale tenester skal vera lette å forstå for innbyggjarane, tilsette og næringsliv. Me skal sørgja for at dei digitale tenestene tek i vare krav for universell utforming og brukarvenlegheit.



Handtering og deling av data

Det skal vera enkelt for innbyggjarane å vita kva informasjon kommunen har om dei. Me skal sørgja for at me til ei kvar tid har oversikt over kva tenester kommunen leverer til kven, og kva personopplysningar me handterer.

Hugseliste for leiarar og tilsette

Det er ofte lang veg frå strategi til praksis. Difor har me laga ei enkel hugseliste som kan vera til hjelp både for leiarar og tilsette i Sogndal kommune i digitaliseringsprosessar.



Spør innbyggjarane

Spør innbyggjarane. Har du snakka med menneska som vert påverka av endringa? Det kan vera skummelt å snakka med innbyggjarar, men det gjer at me kan ta betre avgjersler som svarar til reelle behov.



Stel klokt

Stel klokt frå andre og del erfaringar. Finst det andre som har løyst ei liknande utfordring tidlegare? Undersøk om det finst eksisterande verktøy som kan løysa utfordringa eller betra tenesta. Me treng ikkje å finna opp krutet kvar gong.



Test ofte

Test ofte, i liten skala. Er det mogleg å testa løysinga før me implementerer? Ein liten test med tydelege spørsmål kan gje verdifull innsikt, som igjen gjer at me kan ta informerte val vidare i prosessen. Les meir om testing her.


Moglegheiter for Sogndal kommune

Me har gode føresetnadar for å skapa betre digitale tenester for innbyggjarane våre. Men kvar skal me starta? Basert på intervju og funn frå innsiktsfasen har me definert nokre lokale moglegheiter som me bør prioritera, på kort og lang sikt. Moglegheitene er ingen fasit. Dei skisserer moglege inngangar til arbeidet med digitalisering og me skal aktivt utforske fleire moglegheiter innanfor dei ulike tenesteneområda i kommunen.

Dei langsiktige moglegheitene beskriv kva Sogndal kommune kan satsa på i eit tre-årsperspektiv, som er meir omfattande prosessar som vil innebera større endringar. Dei kortsiktige moglegheitene beskriv kva Sogndal kommune kan byrja med i dag. Desse moglegheitene kan gjennomførast i mindre prosjekt, utan store innkjøp.



Moglegheiter - lang sikt




Me etablerer ein digital innspelsplattform

Det skal vera enkelt og engasjerande å delta i lokaldemokratiet. Me fortset å utvikla den gode samskapinga og etablerer ein digital innspelsplattform der innbyggjarane enkelt kan delta i demokratiske prosessar og fremja innbyggjarinnspel. Dette dannar grunnlaget for ein innsiktsbank som gjer det enklare å identifisera behov hjå innbyggjarane, som igjen skapar endå betre tenester.



Me deler ressursar med hjelp av digitale verktøy

Det skal vera enkelt for innbyggjarane å få tilgang til kommunen sine ressursar, også digitalt. Me etablerer ein digital plattform som gjer det mogleg for innbyggjarane å booke utstyr og kommunale lokale enkelt på nett, til glede for liten og stor. Me har gode føresetnadar for å gjera dette med blant anna utstyrsportalen Systrondsbusi og kontorfellesskapet FUS.



Me gjer tenestene personlege for innbyggjarane


Me gjer det enkelt å finna tenester og informasjon som er viktig og relevant i innbyggjaren sin kvardag. Me utviklar ei persontilpassa digital løysing der innbyggjarane får tilgang til sine mest brukte tenester, personleg data og relevant informasjon.

Moglegheiter - kort sikt



Digitaliseringsteam

Me etablerer eit tverrfagleg digitaliseringsteam for å samordna og styrka digitaliseringsarbeidet på tvers av sektorane. Teamet får mynde og ressursar til å auka kompetansen innan tenestedesign og digital utvikling. Ei av oppgåvene til teamet er også å dela erfaringar og metodar som kan vera relevante i dei ulike sektorane.



Opplæring og oppfølging av innbyggjarane

Me set i gong eit program for å løfta den digitale kompetansen hjå innbyggjarane som finn overgangen til ein digital kvardag utfordrande. Programmet nyttar seg av lokale ressursar og vert utvikla i samarbeid med næringsliv, frivilligheit og lokale skular.



Brukarvenleg nettside

Me byrjar arbeidet med å utvikla ei heildigital og innbyggjarretta kommunal nettside. Nettsida vert utvikla med bakgrunn i dei tre hovudprinsippa i digitaliseringsstrategien. For å få til dette må det setjast av ressursar til å gå gjennom informasjonshierarkiet og brukarvenlegheita, i tett dialog med innbyggjarane.

Vegen vidare

Kommunal sektor står ovanfor store endringar i åra som kjem. Ved å involvera innbyggjarane i utviklinga av digitale tenester skapar me løysingar som svarar til reelle behov i kvardagen. Slik får me meir effektive tenester og ein meir inkluderande kommune.

Skal strategien vera til nytte må me nytta den aktivt. Difor må me saman diskutera kva prinsippa vil tyda for tenesteutviklinga i Sogndal kommune. Me må byggja kompetansen på tvers og aktivt ta stilling til korleis digitalisering påverkar kvardagen til både tilsette og innbyggjarar.



③

Metodar og verktøy

Denne delen av strategien inneheld spørsmål, metodar og døme som skal hjelpa oss i arbeidet med digitalisering. Denne delen er ikkje direkte førande for digitalisering i Sogndal kommune og må sjåast som eit verktøy for å skapa endå betre digitale tenester for innbyggjarane våre.

Metodar og verktøy

For å møta innbyggjarane sine behov er det viktig at me har metodar og verktøy som gjer det mogleg å samla og forstå desse behova.

Første del inneheld strategiske spørsmål knytt til våre prinsipp for digitalisering. Desse spørsmåla skal nyttast som verktøy for diskusjon internt, på tvers av sektorar, for å finna felles utfordringar og løysingar.

Vidare finn du metodar og konkrete døme på digitale verktøy og tenester, til inspirasjon for digital utvikling og nyskaping i kommunen. For at verktøya skal skapa verdi må dei nyttast aktivt i våre prosessar.



Strategiske spørsmål:

“Sogndal kommune skal skapast saman med innbyggjarane”

Korleis ønskjer me å måle effektar og gevinstar av innbyggjarinvolvering og digitaliseringsprosessar?

Korleis kan innbyggjarane sine behov takast i vare når me utviklar og kjøper nye digitale tenester?

Korleis kan me gjera det enklare for innbyggjarane å delta i lokal politikkutvikling?

Strategiske spørsmål:

“Sogndal kommune samarbeider på tvers og delar av erfaringar”

Kva må til for å fremja meir deling og samarbeid mellom innbyggjarar, næringsliv og Sogndal kommune?

Korleis kan me leggja til rette for opne og transparente prosessar mellom avdelingar, internt i kommunen og innbyggjarane?

Kva hindrar effektivitet i måten me arbeidar på i dag?

Strategiske spørsmål:

“Sogndal kommune er ein trygg og effektiv digital kommune”

Korleis samlar vi og gjer tilgjengeleg ulike typar data, samstundes som me tek i vare personvern og andre sikkerheitsaspekt?

Kva interne kontrollprosessar har me for å sikra at sensitive opplysningar ikkje kjem på avvege?


Korleis kan me leggja til rette for at innbyggjarane har oversikt og kontroll over persondata som kommunen handterer?

Metodar for innbyggjarretting

Innbyggjarane sine behov skal vera grunnlaget for utviklinga av morgondagens digitale tenester i Sogndal kommune. Når me hentar inn innsikt frå innbyggjarane sit me ofte att med mykje ustrukturert informasjon. Då byrjar arbeidet med å visualisera og prioritera. Her er nokre metodar som kan vera nyttige for å koma i gong og ta funna vidare til meir konkrete moglegheiter.




Kome i gang



Innbyggjarintro

Innbyggjarintro er eit verktøy som kan nyttast for å kartleggja og konkretisere kva innbyggjarar som bør involverast, kva spørsmål me undrar på, kva metodar me skal nytta og eventuell risiko som kan oppstå undervegs.


[Last ned verktøyet her](#)



Observerande intervju

Observerande intervju er eit godt verktøy for å få kvalitativ innsikt frå innbyggjarane. I eit observerande intervju ser du kva folk faktisk gjer, ikkje berre det seier at dei gjer. Still opne spørsmål undervegs. Noter og ta bilete!

[Les meir her](#)




Framtidsverkstad

Framtidsverkstaden gjev innbyggjarane moglegheita til å delta i utviklinga av idear til nye tenester i kommunen. Det kan gje konkrete idear og løysingar til utfordringar basert på kvardagsopplevingar.

[Les meir her](#)


Kartlegging



Aktørkartlegging

Ved å gjera ei kartlegging av aktørar skapar me ei oversikt over nettverket av personar og organisasjonar som har ei interesse i eit prosjekt eller ei teneste. Ved å få oversikt over alle involverte kan me opna opp for nye moglegheiter og samarbeid.


[Les meir her](#)



Innbyggjarreise

Innbyggjarreiser er eit godt verktøy for å strukturera innsikt og skaffa oversikt over innbyggjaren si reise frå A til Å gjennom ei teneste. Teikn opp ei tidslinje og noter alle punkt innbyggjaren må gjennom for å løysa oppgåva.

[Les meir her](#)



Scenarioutvikling

For å møta framtida meir førebudd kan me utvikla scenario som beskriv opplevinga av nye tenester eller løysingar. Med scenario kan me utfordra dagens løysingar og ta betre strategiske avgjersler.

[Les meir her](#)

Døme

Døme på digitale tenester for Sogndal kommune

Døme frå [Beta kommune](#) er eit verktøy for å diskutera digital utvikling i Sogndal kommune frå innbyggjarane sitt perspektiv. Døma fungerer som dører inn til ulike tema som lokaldemokrati, samfunnsdeltaking og ressursdeling.




Døme

Min kommune

Min kommune syner korleis me kan samla og gjera tenestetilbodet meir personleg i Sogndal kommune. Dømet syner korleis ei digital teneste kan bidra til å sortera informasjon som er relevant for innbyggjaren i kvardagen.







Døme

Folkestemmen

Folkestemmen syner korleis innbyggjarane enklare kan delta og fremja forslag i politiske saker. Lokaldemokrati er viktig for at folk skal få eigarskap til sitt nærmiljø, sin kvardag og si framtid. Med bruk av digital teknologi kan me gjera det enklare for innbyggjarane å påverka utviklinga i Sogndal kommune.







Døme


Våre ressursar

Våre ressursar syner korleis kommunen kan gjera utstyr og lokale meir tilgjengelege for innbyggjarane. Gode møteplassar for familiar, born, unge og eldre er ein føresetnad for å byggja gode og inkluderande lokalsamfunn. Difor ligg det eit stort potensiale i å gjera kommunen sine lokale og areal tilgjengeleg for innbyggjarane.





Ressursar



Digital Norway

Digital Norway er eit næringsdrive initiativ som tilbyr gratis digitale kurs innan innovasjon, effektivisering, prosjektstyring med meir.

[Klikk her for å finna kurs](#)



Verktøykasse for innbyggjarinvolvering

Oslo kommune har utvikla ein verktøykasse for innbyggjarinvolvering som inneheld eit rikt bibliotek med ulike metodar for å setja innbyggjarane i sentrum

[Klikk her for å lasta ned verktøy](#)



FolkeTråkk

FolkeTråkk-rettleiaren samlar mange gode metodar for innbyggjarmedverknad som kan nyttast både i digitaliseringsprosjekt og andre prosessar.

[Klikk her for å lesa meir](#)

